

# BLIR I NORD-TROMS

**Då havbruksselskapet Lerøy Aurora flytta slakteriet sitt frå Kåfjord i 2007, ynskte dei framleis å vere i Nord-Troms, der Tiltakssona gjev fordelar til både bedrifter og privatpersonar.**

– Verkemidla i Tiltakssona hadde innverknad på den nye lokaliseringa vår her i Skjervøy. Vi er heilt fritekne for arbeidsgjevaravgift, og det er viktig for oss som sysselset så mange, seier administrerande direktør Renate Larsen i Lerøy Aurora.

## **Éin million måltid dagleg**

Lerøy Aurora produserer laks, basert på 17 oppdrettskonesjonar i Troms og smoltproduksjon i Finnmark. I hovudsetet på Skjervøy har bedrifta slakteri, fordelingsanlegg og emballasjeproduksjon. Om lag



*Katrine Bones Enger kom til Skjervøy for fem år sidan som kvalitetsleiar for Lerøy Aurora. Ho verdset fordelane Tiltakssona gjev både henne og bedrifta. (Foto: Marius Fiskum)*



Lerøy Aurora har anlegg i fire kommunar i Nord-Troms, der Tiltakssona gjev bedrifta spesielle fordelar. (Foto: Lerøy Aurora)

240 fulltids- og deltidstilsette utgjer til saman 180 årsverk i kommunane Skjervøy, Tromsø, Karlsøy, Lyngen og Kåfjord. Produksjonen er imponerande. Frå Skjervøy gjekk det hausten 2012 dagleg 16 trailerar med 300 tonn ferdige lakseprodukt. Det svarer til over éin million måltid ut i verda – kvar dag. I denne regionen er Lerøy Aurora eit kraftsenter som òg har mykje å seie for verdiskapinga i 125 leverandørbedrifter, der dei gjer innkjøp for 250 millionar–300 millionar kroner i året.

### Gode samfunn viktig

Renate Larsen er overtydd om at sjømatnæringa har framtida for seg i Nord-Noreg. Her er det framleis mykje tilgjengeleg areal, og miljøutfordringane er mindre enn andre stader.

– Dei naturgjevne forholda er gode, men like fullt er det viktig å leggje til rette for industrien. Vi treng fungerande lokalsamfunn med gode offentlege tilbod. Når vi skal rekruttere høgt utdanna medarbeidarar, spør dei etter skule-, barnehage- og fritidstilbod. Vi konkurrerer om denne arbeidskrafta med bedrifter i godt utbygde strøk, seier ho.

Då bedrifta etablerte seg på Skjervøy, fekk dei omstillingsmidlar og lån frå Innovasjon Noreg. 30 prosent av det samla lånebehovet til bedrifta blei dekt av Innovasjon Noreg.

– Når ein skal byggje industri i grigrendte område, er slik støtte svært positivt, ikkje minst overfor andre investorar, seier Renate Larsen.

**”Næringsinnrettinga i distrikts- og regionalpolitikken er eit grep for å tenkje langsiktig, og som skal verke langsiktig.”**

Meld. St. 13 (2012-2013) Ta heile Noreg i bruk

### Slo seg ned på Skjervøy

Katrine Bones Enger (31) er kvalitetsleiar på Lerøy Aurora. Ho fer høgt og lågt og vidt og breitt for å passe på det aller viktigaste: kvaliteten på produksjonen. Enger er utdanna fiskehelsebiolog, og kom til Skjervøy for fem år sidan. Overgangen frå storbyen Bergen var stor, men den vesle kommunen i Nord-Troms blei eit lukkeleg val.

– Her er flotte menneske, fin natur og skikkelege årstider. Det set eg pris på, seier ho og pakkar dunjakka godt rundt seg.

At ho får skrive ned studielånet med 25 000 kroner i året, var ikkje utslagsgjevande for at ho tok jobben, eller for at ho held fram å bu her.

– Men det er ein kjempebonus, ingen tvil om det, både for meg og for alle andre som har studielån, seier ho.

Tekst: Erik Veigård

### FAKTA

Tiltakssona inkluderar alle kommunar i Finnmark samt sju kommunar i Nord-Troms: Kåfjord, Skjervøy, Nordreisa, Kvænangen, Karlsøy, Lyngen og Storfjord.

Sona blei etablert i 1990 som følge av negative utviklingstrekk i folketal og næringsliv